

Lyse og tiltalende leiligheter på visning.

04.11.2017



Leilighetene har lyse, fine kjøkken med integrerte kvitevarer og godt med skap- og skuffeplass.

Dei likte det dei fekk sjå dei som var på visning av dei nye leilighetene i Mollo-bygget i Uskedalsvegen 512. Gjennomgangstonen var at leilighetene var veldig fine, og av nokre vart det sagt at dei trudde salget ville gå fort. Alle dei 6 leilighetene er ulike både i storleik og utforming, og såleis passar dei også til ulike behov.



Sjolv på ein graversdag er det fin og open utsikt.

Leilighetene varierer i storleik frå 60 til 88 m², og det er frå 1 til 2(3) soverom. Felles for alle er at arealet er godt

utnyttat og og dei framstår i lyse fine fargar. Alle leilighetene har likevel sitt særpreg. På bada er det t.d. ulike fargar på golv og vegger og ulikt inventar. Alle kjøkken er plassbygde med kvitevarer integrert. Det er lettvindt tilgang til alle leilighetene frå bakkeplanet då det er heis. Dessutan er det livsløpstandard. Her finns ingen dørstokkar og det er lett å ta seg fram også med rullestol.

Oppvarming skjer med varmepumpe i alle leilighetene, og det er ballansert ventilasjon. På alle bad er det varmekablar, og dessutan er det golvvarme i alle rom i 1.etasje.

Det er Birgitte Steinsland frå DNB Eiendom som er meklar, og som leia fellesvisninga i dag. Ho var fornøgd med responsen, og sa at alle som ønskjer visning kan ta kontakt med henne, mobil 928 06 368, så kan det avtalast privat visning. For dei som går med tankar om leilighetskjøp, er dette eit verkeleg godt alternativ. Leilighetene er godkjende for husbankfinansiering.

De kan lesa kva uskedalen.no skreiv om prosjektet før visninga ved å klikka [HER](#).



Birgitte Steinsland frå DNB Eiendom sitt Sunnhordlandkontor er meklar for leilighetene.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland